



LESEKVART+

LESELYST I KLASSEROMMET



Aktivitetshefte

For lærarar og skulebibliotekarar

stiftelsen
LESE

li
LILLEHAMMER
BIBLIOTEK & LITTERATURHUS

Lesekvart+

Vidareutvikla for bruk på 5. - 10. trinn
Ferdigstilt 2026

Camilla M. Brandt og Heidi I. Gorseth
Lillehammer Bibliotek

Nasjonal pilot utvikla av Stiftelsen LESE
2025

**Alt av materiell finn du på
lillehammerbibliotek.no og stiftelsenlese.no**

Aktivitetshäfte

Innhald

Innleiing	2
Leseaktivitetar	3
Delingsaktivitetar	15
Når boka er fediglesen	20
Tips til nyttige nettsider	22

LESELYST

LESEGLEDE

LESEMOTIVASJON

Leseaktivitetar

I dette kompendiet kan du lese skildringar av aktivitetane som er nemnde i handboka til Lesekvart+, i tillegg til at du finn mange andre aktivitetar til bruk i prosjektet. Aktivitetshefte er tenkt som ein ressursbank til bruk under heile perioden med Lesekvart+. Målet er at dette skal lette arbeidet med å gi heile klassen ei positiv leseoppleving gjennom å presentere elevane for nye innfallsvinklar inn i bokverda.

Her finn du tips til både delingsaktivitetar, leseaktivitetar og aktivitetar ein kan gjere etter at ein har lese ut boka.

Noko av det viktigaste som skil Lesekvart+ frå andre lesekvart-opplegg med berre stillelesing, er nettopp vekslinga mellom dei ulike typane aktivitetar. Stillelesinga vert støtta opp av heilskapen.

Det gir mange fordelar og stort utbyte å variere med ulike lese- og delingsaktivitetar. Elevane får høve til å tenkje over kva dei har lese, og dei får reflektert over leseopplevinga. Det vil føre til større medvit rundt eiga lesing og leseinteresse, og det vil igjen gjere elevane til betre lesarar. I tillegg kan elevane hente inspirasjon av å få høyre om andre si lesing. Ungdomar fortel at det er nettopp medelevar som har størst innverknad på valet av neste bok.

Delingsaktivitetar er også ei viktig brikke i arbeidet med å skape kultur for lesing i klassen, slik at elevane opplever at andre også les. Leseopplevingane vert synlege ved at elevane deler dei med kvarandre, og det bidreg til at elevane får eit ordforråd knytt til litteratur og lesing. Elevane får også god erfaring i å uttrykkje meiningar, argumentere for meiningane sine og auke forståinga for at ein kan ha forskjellig oppfatning av same tekst.

Når du skal planleggje ein periode med Lesekvart+, må du velje kva for aktivitetar frå dette heftet du vil prøve ut i klassen. Klassen kan også få vere med på å velje ut nokre av dei konkrete aktivitetane, men du som er lærar må først sjå føre deg forløpet og leggje rammene. Av erfaring veit vi at lærarar er ein ressursbank i seg sjølv, og det er absolutt mogleg å bruke andre aktivitetar enn dei som er nemnde i dette heftet. Det viktigaste er at Lesekvart+ blir ein kombinasjon av stillelesing, delingsaktivitetar og leseaktivitetar.

Tenk også gjennom om du treng hjelp på skulen, og kva andre lærarar som vil bli involverte i prosjektperioden. Om det er nokon av aktivitetane du ønskjer å gjennomføre tverrfagleg, bør du starte samarbeidet med dei det gjeld tidleg. Det kan vere nyttig å vere fleire vaksne når du skal gjennomføre nokre av dei meir omfattande aktivitetane. Sørg også for at skulebibliotekaren er klar til å følgje opp klassens behov i Lesekvart+.

LESEAKTIVITETAR

BokSmaking

Tidsbruk: 1 time + tid til førebuing.
Kvar: På skulebiblioteket eller folkebiblioteket.
Utstyr: Noko å ta tida med.
Kopioriginal: Plakatar til BokSmaking.



Mål: Å bli kjend med eigne lesepreferansar.

BokSmaking på Lillehammer bibliotek

FØREBUING

Ved BokSmaking lagar ein klar ei fysisk utstilling av utvalde bøker, basert på alderen og interessene til elevane. Utvalet kan vere basert på eit tema, ein sjanger eller ei samling av til dømes nye bøker. For å gjere BokSmakinga ekstra interessant og smakfull, kan ein leggje opp til ein kafé- eller restaurantsetting (sjå skildring av bokkafé).

GJENNOMFØRING

Samle elevane og forklar dei at dei skal på BokSmaking. Presenter utstillingane for dei, og fortel dei kvar dei finn ulike sjangrar elles på skulebiblioteket. Minn dei om undersøkinga Mitt leselandskap og be dei leite etter bøker som passar til interessene deira. Finn fram ei stoppeklokke og gi elevane 10 minutt til BokSmaking. Då får elevane gå rundt og ”smake” på bøker ved å bla i dei, sjå på framsida og baksida, lese litt i dei og slik vurdere kva for bøker dei vil lese. Eleven kan velje ei bok på bakgrunn av inspirasjon hen har fått, eller berre ved å sjå på omslaget og lese baksideteksten. Etter 10 minutt skal alle ha ei eller fleire bøker som dei skal prøvelese.

Be elevane om å finne seg ein eigen sitjeplass til stillelesing, og forklar at dei no skal lese dei første sidene i boka for å kjenne etter om dette er ei bok dei vil lese (be elevane om å lese tretten sider viss dei er 13 år, fjorten sider viss dei er 14 år, osv. Slik får dei eit godt inntrykk av om dette er ei bok som fengjer, og eit konkret tal sider kan hjelpe på motivasjonen).

Gjenta desse to punkta til alle elevane har funne seg ei bok, eller til timen er over.

BokSmaking er viktig i introduksjonsfasen som ein del av kickoffen, men det kan vere ein fin aktivitet dersom ein ser at elevane treng meir inspirasjon undervegs i prosjektet.

Leselogg

Tidsbruk: 2-5 minutt.

Kvar: I klasserommet, eller der stillelesinga vert gjennomført.

Utstyr: Ei lita loggbok.

Mål: Å bli medviten om eigne leseopplevingar og lesepreferansar.

Kvar elev får si eiga loggbok til bruk ved lesekvarnten. Ein kan setje av eit par minutt der elevane skal skrive eit lite notat om det dei har lese. Loggboka kan også brukast til å notere ned ukjende eller vanskelege ord, eller setningar som fengde ekstra, men elevane skal ikkje føle at det er ei pålagd skuleoppgåve. Difor er det viktig at elevane sjølve styrer kva dei skriv, men at dei vert oppmoda om å kort skildre følelsen boka gir dei, eller noko som har fanga interessa deira. Dersom klassen fører eit lesebarometer (sjå neste aktivitet), kan elevane føre opp kor mange sider dei har lese der.

Lesebarometer

Tidsbruk: 10 minutt, kvar fredag, eller så ofte de avtaler + tid til førebuing.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Utskrift av bokhyller og bøker som viser kor mange sider de har lese. Eventuelt ei bok til å føre leselogg i.

Kopioriginal: Lesebarometer.

Mål: Å skape eit felles mål og bidra til at elevane føler at dei er ein del av eit lesefellesskap.

Førebuing

Lesebarometeret består av plakatar med tomme bokhyller, og utskrift av ulike bøker som tel 20, 100 eller 500 lesne sider. Skriv ut desse og klipp ut bøkene.

Gjennomføring:

Når ei stillelesingsøkt er ferdig, eller i slutten av kvar veke, tel ein opp kor mange sider eller bøker klassen har lese til saman og fyller opp bokhyllene med bøker som passar til talet på lesne sider. Barometeret stig i løpet av lesekvartperioden, og synleggjer kor mykje klassen les. Klassen kan setje eit felles mål om kor mange sider eller bøker dei skal ha lese etter ein viss periode.

Eit barometer kan alternativt gjerast på andre måtar: eit plastrøyr ein fyller med ballar e.l., eit skjema på tavla, ein figur ein byggjer på osv.

Eit alternativ til å telje sider eller bøker, er å telje kor mange minutt ein les. Det kan verke meir motiverande i klassar som strevar med lesinga, og som kanskje ikkje får lese mange sider på ei økt.


Lesespelet BokTråkk

Tidsbruk: 30-60 minutt + tid til førebuing.

Kvar: På skulebiblioteket.

Utstyr: Spelretteleing, spelebrett, spelebrikker og terningar.

Mål: Å skape engasjement, interesse og eit positivt forhold til lesing.



Med lesespelet vert elevane introduserte for eit utval bøker på ein annleis måte, dei får øving i å kjenne igjen ulike typar litteratur basert på ytre kjenneteikn, og dei får ein smakebit av fleire forskjellige historier. Elevane får sjå på framsidene, lese baksidene, lese utdrag og gjere ulike kreative oppgåver knytt til bøkene. Spelet er ein fin inngangsport til å samtale om ulike sjangrar og kva det er lurt å sjå etter når ein skal velje seg ei bok å lese. Kanskje vil nokre av bøkene fange interessa nok til at dei ønskjer å lese vidare på historia.

Med spelet følgjer det instruksar som lærar les på førehand. Spelet vert gjennomført som ein del av introduksjonsfasen, før eller etter Kickoff.

Lese med kroppen

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: Valfritt.

Utstyr: Valfritt.

Mål: Elevane skal bli medvitne om at alle sansane er med i leseopplevinga. Det handlar om å variere stillingar og omgjevnader for å finne ut kva for lesesituasjon ein likar best.

Lesinga skal vere så komfortabel som mogleg, og slik gi best mogleg lesero.

I klasserommet får elevane moglegheit til å variere sitjestillinga, enten ved pulten, på golvet, på ei matte eller på ei pute. Vurder korleis lyset og temperaturen i rommet er. Vurder om de kan bruke puter/dyner/sovepose/liggjeunderlag e.l.

Ein kan variere omgjevnadane ved å til dømes lese utandørs, i klatrestativ/husker/tre/på graset eller gå i gymsalen der elevane kan finne seg ei matte, ein ball eller liknande for lesekvarten.

Aktiviteten kan gjennomførast fleire gongar med ulike variasjonar.

Lese i mørket

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet, på skulebiblioteket, under ei trapp e.l.

Utstyr: Ei bok, lommelykt (eller mobil).

Elevane vert inviterte til ei annleis lesestund, der lyset vert skrudd av og alle brukar lommelykt som leselys. Dette kan gjennomførast i klasserommet, på golvet, i gymsalen, i skulebiblioteket eller eit anna eigna rom.

LeseGodt

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet, på skulebiblioteket, i gymsalen e.l.

Utstyr: Ei bok, puter, pledd osv.

Mål: Å skape ei annleis, felles leseoppleving, og bli medviten om lesepreferansane sine.

Alle elevane får beskjed om å setje seg så behageleg som mogleg. Det kan gjerast ved å bruke det utstyret som er tilgjengeleg, eller dei kan ha fått beskjed på førehand om å ta med seg pledd, puter, noko godt å drikke, litt snacks eller liknande. Gymsalen kan vere eit alternativ, der det ofte er mjuke matter å liggje på. Bli samde om korleis de vil ha lyset.

LeseVondt

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet, på skulebiblioteket, i gymsalen e.l.

Utstyr: Ei bok.

Mål: Å skape ei annleis, felles leseoppleving, å bli kjend med seg sjølv som ein lesar.

Denne økta blir motsett av å lese behageleg. Elevane skal få kjenne på kroppen korleis det er å lese medan ein sit ubehageleg. Det er ei god erfaring når ein skal gjere seg kjend med seg sjølv som lesar. Dei kan sitje på golvet, finne ei ubehageleg stilling på stolen, stå på hovudet medan dei les osv. Her er det elevane sin fantasi som styrer.

Trask og les

Tidsbruk: 15–30 minutt

Kvar: Valfritt.

Utstyr: Bok.

Mål: Få ei felles leseoppleving.



Foto: Julia Marie Naglestad

Enkelt og greitt; å lese medan ein traskar. Her kan gjerne to og to samarbeide, der den eine les og den andre lyttar. Aktiviteten kan eventuelt gå føre seg med bruk av samtalekort i staden for høgtlesing.

Les med musikk

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet, på skulebiblioteket, i gymsalen e.l.

Utstyr: Ei bok, høgtalar eller musikk på mobil.

Mål: Å skape ei annleis, felles leseoppleving, å bli kjend med seg sjølv som lesar.

Elevane er ulike når det kjem til preferansar for ro medan dei les. I denne økta skal alle prøve å lese medan dei høyrer på musikk. Elevane kan høyre på musikk individuelt, eller dei kan spele musikk på ein høgtalar. Ein kan gjenta økta fleire gongar, men med ulik musikk for kvar gong. Test ut klassisk musikk vs. hard rock eller metall. La elevane diskutere i etterkant korleis dei opplevde det. Her blir refleksjonen viktig for gjennomføringa.

Mini-langlesing

Tidsbruk: 40–60 minutt.

Kvar: Valfritt, med fokus på at det skal vere behageleg.

Utstyr: Kvar si bok, eventuelt teppe/puter e.l. Tidtakar.

Mål: Trene opp lesekondisen, og gi elevane høve til å finne skikkeleg lesaro.

Set av ei lengre økt på ca. 40–60 minutt til lesing. Elevane finn ei komfortabel stilling og dykkar ned i boka. Set gjerne på tidtaking, slik at elevane kan sleppe å følgje med på tida. Vurder om de skal leggje opp til at elevane får ta med seg teppe/puter/noko godt å drikke og andre ting som kan gjere det til ei roleg og behageleg lesestund. Elevane kan kome med forslag og ønske.

Les for andre

Tidsbruk: 1-2 skuletimar, + ei økt med førebuing for elevane.

Kvar: På skulen, eldresenter, barnehage e.l.

Utstyr: Bøker.

Mål: Skape ei felles leseoppleving.

Ta elevane med på lesestund på eldresenter, i barnehage, for føresette eller for yngre klasser, der elevane får lese høgt frå ein sjølvvald tekst. Dette kan gjennomførast i grupper eller for ei større forsamling, men det bør føllast trygt for elevane. Elevane bør også få tid til å førebu seg og gjere seg kjende med teksten dei skal lese.

Lesebingo

Tidsbruk: Set av så mykje tid du tenkjer elevane treng for å kunne gjennomføre.

Kvar: På skulen/heime.

Utstyr: Utskrift av feks denne frå Pegasus:

<https://litteraturfestival.no/om-pegasus/>

Mål: Skape variasjon i lesinga.

Ein lesebingo er eit bingo Brett med ulike leseoppdrag.

Eit døme kan vere å lese i eit tre eller på bussen. Dette er ein aktivitet som går føre seg i tillegg til andre leseaktivitetar, men ein kan også leggje opp til økter der elevane vel ei rute i lesebingoen dei skal gjennomføre den økta. Læraren vel om bingoen skal vare heile lesekvart-perioden, eller om de skal gjennomføre han i løpet av to til tre veker.

Norsk Litteraturfestival har laga gode lesebingoar, for små-, mellom- og ungdomstrinnet. Klassen kan også lage sin eigen lesebingo.

Inkluder gjerne også føresette, enten ved at dei fyller ut sin eigen lesebingo, eller ved å finne oppgåver ein kan gjere saman.



Lydbok

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet eller på ein annan eigna stad.

Utstyr: Mobil/nettbrett, lydbokapp og headset/høgtalar.

Mål: Inkludere alle i lesinga, gjere historiene tilgjengelege og skape variasjon i lesinga.

Lyttelesing er alltid eit alternativ til vanleg stillelesing, både for elevar som strevar med lesing og for elevar som treng avveksling. Klassen kan også høyre på lydbok i fellesskap, men då er det viktig at det er ei bok elevane sjølve ønskjer å høyre på.

Lydbok-appar

Elevar med diagnosar som gjer lesing utfordrande, har rett på tilgang til TIBI - Biblioteket for tilrettelagt litteratur. Her har dei eit veldig godt utval i lydbøker.

Det er også mogleg å opprette ein gratis skulebrukar på Bookbites, bibliotekas lydbokapp..

Høgtlesing

Tidsbruk: 15 minutt +

Kvar: I klasserommet eller på ein annan eigna stad.

Utstyr: Ei bok elevane har vore med å velje ut.

Mål: Å skape ei felles leseoppleving.

Lærer, skulebibliotekar, bibliotekar eller medelevar les høgt for klassen. Boka er tilpassa lyttarane og bør vere noko elevane sjølve har lyst til å høyre. Lengd kan variere, og ein kan velje å lese utdrag eller heile boka over fleire økter.

Bokprat

Tidsbruk: 15-30 minutt + tid til førebuing for den som skal halde bokpraten.

Kvar: I klasserommet eller eit anna eigna rom.

Utstyr: Skjerm og ferdig PowerPoint dersom ein vil bruke det.

Mal: Skape leseinspirasjon og få kjennskap til ulike typar bøker.

Bokprat går ut på at bibliotekaren, læraren eller ein elev (gjærne frå eit høgare klassetrinn) fortel om ei eller fleire bøker dei har lese og som dei ønskjer å tilrå. Målet er å inspirere andre til å lese boka. Bøkene vert presenterte ei og ei om gongen og vert gjærne sende rundt i klassen slik at elevane får sjå nøyare på dei. I ein bokprat fortel ein litt om innhald og litt om si eiga leseoppleving.

Ein kan gjærne bruke digitale hjelpemiddel til å vise bilete eller avsnitt ein ønskjer å trekke fram. Høgtlesing av utvalde avsnitt kan også vere med i ein bokprat. Bokpraten kan gjennomførast på biblioteket, i klasserommet eller ein annan passende stad. Tilpass kor mange bøker som vert presenterte ut i frå kor mykje tid de har. Mellom éi og seks bøker er passeleg.

METODAR FOR Å FORMIDLE BØKER

Når ein skal formidle ei bok, gjeld det å fange interessa til lesaren med så få ord som mogleg. Kva du vel å seie og korleis du vel å gjere det, bør vere tilpassa publikummet ditt. Tenk godt gjennom kven du snakkar til og kva som interesserer dei.

Her er eit par tips:

- Beskriv kjensla og stemninga i boka. Er ho skummel, koseleg eller spennande?
- Gi eit kort samandrag utan å avsløre for mykje. Legg vekt på det viktigaste og mest fengjande.
- Les eit spennande utdrag frå boka (Her er det viktig å øve godt på førehand).
- Vis ein video der forfattaren, ein bibliotekar e.l. snakkar om boka. Det ligg mange boktips på t.d. YouTube.
- Ha med boka og vis henne fram! Sjå på framsida saman.
- Snakk om read-alikes, bøker som har same tema, kjensle eller stemning.

BokKafé

Tidsbruk: 1 skuletime + forarbeid.

Kvar: Skulebiblioteket eller eit anna eigna rom med plass til kafébord og utstillingar.

Utstyr: Eit godt utval bøker i ulike sjangrar.

Kopioriginalar: Menyar, bordskilt og spisebrikker.

Mål: Å få inspirasjon og bli betre kjend med eigne lesepreferansar. Å oppdage nye bøker, og få ei god leseoppleving.



Førebuingar:

Finn fram eit godt utval bøker i dei ulike sjangrane, 6–8 bøker pr. sjanger. Det bør vere variasjon i lesenivå innanfor kvar sjanger. Det bør også vere fagbøker med tema som passar til kvar sjanger.

Set opp småbord i kaféoppsett med plass til 4–5 elevar pr. bord og bøker og sjangerskilt midt på bordet. Det bør vere eitt bord til kvar sjanger. For å skape ein skikkeleg kaféfølelse kan ein leggje dukar og setje blomar på bordet. Ein kan også dekkje på, eller ein kan skrive ut spisebrikker.

Tips: Dersom de vil gjennomføre ei lengre økt, eller leggje endå meir i opplevinga, kan de servere litt å ete og drikke. Det kan de gjere før elevane startar på boksmakinga, som ein pause i ei lengre økt eller til slutt.

Gjennomføring:

- Ønsk elevane velkomne og del ut menyen. Dei kikar på utvalet og får deretter velje seg eit bord. Dei ser litt på utvalet av bøker før dei vel ei bok og får tid til å lese.
- Start ei stoppeklokke og gi dei 5 minutt til å lese i boka.
- Deretter fyller dei ut ei side i menyen.
- For å få høve til å dele opplevinga, kan de setje av 5 minutt til kafésamtale på kvart bord. Alle fortel kort om boka si. Alternativ: La to og to bruke intervjukorta (s. 14) saman.
- No får elevane høve til å byte bord dersom dei vil prøvesmake ein annan sjanger. Deretter gjentek de stillelesing, utfylling av meny og eventuelt kafésamtale minst to gongar til.

Tips: Bruk gjerne oppskrifta på boksmaking for å finne ut om dei har valt ei passande bok.

Speed-date

Tidsbruk: 1 skuletime + forarbeid.

Kvar: Skulebiblioteket eller eit anna eigna rom med plass til kafébord og utstillingar.

Utstyr: Eit godt utval bøker i ulike sjangrar.

Kopioriginaler: Menyar og bordskilt.

Mål: Å få inspirasjon og bli betre kjend med eigne lesepreferansar. Å oppdage nye bøker, og få ei god leseoppleving.

Speed-date er eit alternativ til Bokkafé, og vert gjennomført på same måte. Dette eignar seg kanskje best i ungdomsskulen.

Førebuingar:

Plukk 6-8 bøker i kvar sjanger og plasser dei ut på kvar sitt bord. Det bør vere 4 - 5 sitjeplassar pr. bord. Plasser bordskilta midt på kvart bord.

Gjennomføring:

- Elevane får utdelt Speed-date meny og vel ut kva sjanger dei er interesserte i.
- Elevane set seg ved bordet sitt, ser på utvalet og vel seg ei bok.
- Start stoppeklokka og la elevane lese i 5-10 minutt.
- Deretter fyller dei ut vurderinga av Speed-date i menyen.
- Vurder om elevane skal få fortelje om boka si til dei andre på bordet, eller om de vil gjennomføre ein runde med Intervjukort.
- Gjenta desse punkta til timen er over.



Leseorientering

Tidsbruk: 30-60 minutt + forarbeid.

Kvar: Utandørs.

Utstyr: Kart og postar, avhengig av kva slags oppgåver de vel.

Mål: Å oppdage nye bøker, og bruke fantasien.

Ein kan leggje opp leseorienteringa som stjerneorientering eller vanleg orientering, men kvar post har oppgåver knytt til lesing og litteratur. Denne aktiviteten krev litt forarbeid og kreativitet frå læraren si side.

Forslag til oppgåver:

- Bruk bilete av framsider på bøker som passar klassetrinnet til elevane, men fjern tittelen. Elevane skal finne riktig tittel. Alternativt kan dei lage sin eigen tittel.
- Ta korte utdrag frå bøker elevane har lese i løpet av perioden. La elevane gjette kva bok utdraga er henta frå. Gi dei gjerne tre alternativ.
- Kople bok med forfattar. Gi elevane svaralternativ.
- Gjett handlinga; elevane får bilete av framsida, og skal gjette kva boka handlar om.
- Gjett sjanger; elevane får bilete av framsida, og skal gjette kva sjanger det er.
- Bruk ein av illustrasjonane frå boka. Elevane skal finne ut kva bok det er frå. Kombinér fleire av oppgåvene, og ha forskjellig oppgåver på kvar post.

Lesestafett

Tidsbruk: 30-60 minutt + forarbeid.

Kvar: Utandørs.

Utstyr: Avhengig av kva slags oppgåver de vel.

Mål: Å oppdage nye bøker, og bruke fantasien.

Lesestafett krev i likskap med leseorientering litt forarbeid og kreativitet frå læraren. Lag ulike oppgåver knytt til lesing og litteratur og køyr stafett!

Forslag til oppgåver:

- Kople framside og tittel; bilete av framsider og titlar er klipte opp, dei skal koplast saman.
- Legg teksten i riktig rekkjefølgje; klipp opp eit utdrag frå ei bok i strimlar. Oppgåva til elevane blir å leggje dei i riktig rekkjefølgje.
- Bygg det høgste boktårnet. Bruk kasserte og gamle bøker frå skulebiblioteket.
- Balansere bok på hovudet medan de spring. Her bør de også bruke kasserte bøker.
- Skriv ut bilete av ulike framsider, elevane skal deretter sortere dei under riktig sjanger. Sjanger kan stå på lappar på motsett side. Elevane tek med seg ei og ei framside og skal leggje dei under riktig sjanger.

Den store lesedagen

Tidsbruk: Ein heil skuledag + tid til førebuing.

Kvar: Inne/ute på skulen.

Utstyr: Avhengig av kva aktivitetar de vel.

Mål: Skape eit fellesskap for lesing og auka lesemotivasjon.

Arrangere «Store lesedag». Alle kan få lov til å ta med dyner, puter, hengekøyer e.l., og de brukar heile dagen på leseaktivitetar, blant anna mini-langlesing og høgtlesing kombinert med andre leseaktivitetar som avbrekk i løpet av dagen. Ein kan involvere heile skulen.

Tilpassing: For å tilpasse dagen både til elevar som ønskjer tid til å forsvinne inn i boka, men også til dei elevane som treng jamlege avbrekk, kan det vere lurt å gi elevane høve til å melde seg på ulike grupper basert på leseuthald. Då kan ein variere aktivitetensinnhaldet ut frå behovet til gruppene, med utgangspunkt i lesekydder frå kompendiet.

Forslag til timeplan for “den store lesedagen” (Med utgangspunkt i pilotskolens tidsplan).

Klokkeslett	Aktivitet	Sted
08:50-09:30	Ønskjer velkomen. Fortel om planen for dagen. Bokprat (skulebibliotekar).	Skulebiblioteket
09:30-10:50	Minilanglesing der elevane får innrette seg slik dei sjølv føler dei får best lesero. Legg inn mogelege avbrekk med lesekydder frå kompendiet.	Klasserom, skulebibliotek, skulegarden, kantine
Matpause	Høgtlesing (lærar)	Klasserommet
11:20-12:30	Leseløype	Rundt på skulen
12:30-12:50	Pause	
12:50-14:15	Mini-langlesing med servering av vaflar eller frukt	Klasserom, skulebibliotek, skulegarden
14:15-14:50	Avslutning. Oppsummer og reflekter rundt dagen. Elevane noterer i loggboka, de oppdaterer lesebarometeret og avsluttar.	Skulebiblioteket, Klasserommet

DELINGSAKTIVITETAR

Elevstyrt bokprat

Tidsbruk: 5-10 minutt + tid til førebuing.

Kvar: I klasserommet eller på skulebiblioteket.

Utstyr: Elevens val.

Mål: Å skape ei felles leseoppleving og utvikle eit språk for litterære samtalar.

Elevane kan gjennomføre bokprat for kvarandre, enten i grupper eller for klassen. Det kan vere ei oppgåve elevane gjennomfører når dei er ferdige med ei bok, eller om dei har ei bok dei vil tipse andre om. Elevane bør få tid til å førebu seg til bokpraten og ha moglegheit til å bruke digitale hjelpemiddel dersom dei vil det.

Punkt som kan presenterast i bokpraten:

- Beskriv følelsen og stemninga i boka. Er ho skummel, koseleg eller spennande? Gi eit kort samandrag, utan å avsløre for mykje. Fokuser på det viktigaste og mest fengjande.
- Les eit spennande utdrag frå boka (her er det viktig å øve godt på førehand).
- Vis ein video der ein forfattar/bibliotekar snakkar om boka. Det ligg mange boktips til dømes på YouTube.
- Ha med boka og vis henne fram! Sjå på framsida saman.
- Snakk om read-alikes, bøker som har same tema, følelse eller stemning.

Felles boksamtale

Tidsbruk: 5 minutt +

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Bøkene.

Mål: Å skape ei felles leseoppleving og utvikle eit språk for litterære samtalar.

Med jamne mellomrom kan de gjennomføre ein felles boksamtale i klasserommet. Dette er ein open samtale der elevane kan fortelje kort om boka dei les, eller ei bok dei vil tipse medelevane om. Samtalen kan gjennomførast i heil klasse eller i mindre grupper. Læraren kan bidra med spørsmål eller la klassen styre diskusjonen sjølv. Læraren kan også kome med tips.

Lesesirkel

Tidsbruk: 15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Felles bok.

Mål: Å skape ei felles leseoppleving og utvikle eit språk for litterære samtalar.

Lesesirkel minner veldig om ein boksamtale. Skilnaden er at i ein lesesirkel diskuterer ein ei bok alle i gruppa har lese. Ein måte å gjere det på, er å velje ei bok mange har lese og deretter velje eit tidspunkt for lesesirkel litt fram i tid. Slik får også elevar som ikkje har lese boka endå, men som ønskjer å vere med i lesesirkelen, tid til å lese. I ein lesesirkel bør ein velje ein person til å leie samtalen.

Delestolen

Tidsbruk: 3-15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Ein eigen stol, gjerne dekorert slik at han skil seg litt ut.

Mål: Å utvikle eit språk for litterære samtalar og gi/få inspirasjon.

Set fram ein eigen stol i klasserommet, gjerne ein stol som skil seg litt ut. Heng opp ei liste der elevane kan skrive seg på fortløpande når dei kjem over noko dei har lyst til å dele. Eit spennande avsnitt frå ei bok, ei novelle, eit dikt, eit godt tips osv. Elevane bestemmer sjølve kva som er verdt å dele. Når det er eleven sin tur, tek hen plass i stolen og fortel. Dei andre elevane kan stille spørsmål. Avtal på førehand kor ofte de tek fram elevar.

Intervjukort

Tidsbruk: 5-15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Utskrivne intervjukort, eitt til kvart par.

Mål: Å utvikle eit språk for litterære samtalar og gi/få inspirasjon.

Intervjukort eller diskusjonskort er små kort med enkle, generelle spørsmål, som er nyttige for å få i gang ein litterær samtale om bøkene elevane les. Elevane kan sitje to og to, eller i ei lita gruppe. Dei kan også gjere det medan dei går rundt i klasserommet eller ein annan eigna stad. Aktiviteten kan avgrensast ved at det stoppar når ein har intervjuet éin elev, eller ein kan byte medelever undervegs og slik få intervjuet fleire. Elevane kan finne på sine egne spørsmål og lage sine egne kort, eller dei kan skrive ut ferdige intervjukort frå Lesekvart+.

Intervjukort

1. Kva fekk deg til å velje denne boka?
2. Kan du fortelje kort kva boka handlar om?
3. Kva kan du seie om hovudpersonen?
4. Kva kan du seie om staden i boka?
5. Kva type bok er det?
6. Kva følelse får du når du les?
7. Kva gjer at du vil (eller ikkje vil) tilrå denne boka til andre?
8. Liknar ho på ei anna bok du har lese? Kva for ei og korleis?

Mimeleiken

Tidsbruk: 5-15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Eventuelt noko å teikne på/med.

Mål: Å utvikle eit språk for litterære samtalar og gi/få inspirasjon.

Gå saman i par eller i ei mindre gruppe. Oppgåva er å forklare kva boka handlar om utan å snakke eller skrive. Elevane kan mime, teikne, peike osb.



Lesespå

Tidsbruk: Det kan ta litt tid å brette og fylle inn spåen. Når han er ferdig, kan han brukast fleire gongar. Då vil tidsbruken vere 5-15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Noko å teikne på/med.

Kopieringsmal: Lesespå.

Mål: Å utvikle eit språk for litterære samtalar og gi/få inspirasjon.

La elevane lage ein papirspå. Dei kan enten lage ein sjølv, eller bruke malen til Lesekvart+. Inst i spåen skriv elevane spørsmål som dei vil stille medelevane om bøkene deira. Døme på spørsmål kan vere: Kan du skildre hovudpersonen i boka? Kva sjanger er boka? Er det mykje kyssing? La elevane bruke fantasien. Når spåen er ferdig, går elevane rundt i klasserommet og spår kvarandre om innhaldet i bøkene dei les. Det kan vere ein fin pauseaktivitet ved lange stillelesingsøktar.

Les og gjett

Tidsbruk: 7-10 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Boka.

Mål: Å dele ei leseoppleving, og bruke fantasien.

Elevane går saman to og to eller i mindre grupper. Ein elev les høgt frå boka si i ca. 5 minutt medan medelevane på gruppa lyttar. Deretter skal medelevane gjette kva boka handlar om og kva som skjer vidare.

Les og teikn

Tidsbruk: 5-15 minutt.

Kvar: I klasserommet.

Utstyr: Boka, noko å teikne på og teiknesaker.

Mål: Å dele ei leseoppleving, og bruke fantasien.

Denne aktiviteten kan gjennomførast parvis, i små grupper eller i full klasse. Ein elev eller lærar les høgt frå boka si. Dei andre på gruppa teiknar medan dei lyttar. Dei kan få i oppgåve å teikne det dei høyrer, teikne stemninga frå boka eller liknande.

Lag ei utstilling

Tidsbruk: 30 minutt.

Kvar: I klasserommet eller på skulebiblioteket.

Utstyr: Ein stad til utstillinga.

Mål: Å dele ei leseoppleving, og å gi/få inspirasjon.

Set av tid til at elevane får plukke ut bøker dei likar godt, og la dei få lage ei utstilling. Det kan gjerast ved at enkeltelevar får ansvar for å lage ei utstilling av favorittbøkene sine, eller at heile klassen plukkar ei eller to bøker dei ønskjer å stille ut.

Alternativt kan de ha ei løpande utstilling i klasserommet, der bøker som er ferdiglesne, kan stå ein periode.

Tips til utstilling:

- Lag ein plakat som fortel om temaet for utstillinga og kven som har laga den.
- Sørg for at bøkene står godt, og med framsida ut.
- Set av eit fast område i klasserommet som er godt eigna for utstilling av bøker.
- Samarbeid med skulebibliotekaren om utstillingar på skulebiblioteket.

NÅR BOKA ER FERDIGLESEN

Lag ei utstilling



Heng opp plakatar i klasserommet med bilete av bøker, eller la elevane lage ein plakat med framsidebiletet når dei har lese ei bok. Når ein elev har lese ferdig boka, klistrar hen stjerner på plakaten: 1–5 stjerner, der 1 er «likte ikkje» og 5 er «elska boka». Dette gir medelevane eit inntrykk av kva andre synest om boka, og kan hjelpe dei i jakta på neste bok.

★ Stjerneveggen ★



#Bookbento

Bookbento er ein trend på Instagram som går ut på å lage eit bilete av ei bok omgitt av rekvissittar med tilknytning til boka. Det kan vere noko som representerer handlinga, hovudpersonen, tema eller stemningar frå boka. Bileta kan lagast med fysiske rekvissittar, eller dei kan lagast digitalt. Elevane kan ta bilete enkeltvis eller i grupper, skrive dei ut og hengje dei i klasserommet eller på skulebiblioteket. Dersom skulen har ein felles Instagram-konto eller ei heimeside drifta av ein tilsett, kan bileta også delast der.



Boktrailer

Elevane lagar ein kort videopresentasjon på under eit minutt der dei fortel om ei bok dei har lese. Det kan gjerast individuelt eller i små grupper. I ein boktrailer kombinerer elevane tekst, foto og tale/musikk. Oppmod elevane til å velje ut små høgdepunkt, og minn dei på å ikkje røpe slutten. Deretter kan filmen visast for klassen.

INSPIRASJON

På YouTube finst det mange boktrailerar for ulike aldersgrupper som kan brukast som inspirasjon til å lage egne boktrailerar.

Bokkollasj

La elevane lage ein kollasj som viser litt om innhaldet i boka og kva følelse ho gav eleven. Kollasjen kan lagast på papir eller digitalt og kan hengast opp i klasserommet eller på skulebiblioteket. Kollasjen bør innehalde tittel på boka og forfattarnamn. Han kan også innehalde ei kort skildring av handlinga eller stikkord.

Teikn til boka

Dersom nokon av elevane er glade i å teikne, er det å teikne til ei bok du har lese, ein fin aktivitet. Her er nokre idear:

- Teikn ei ny framside til boka.
- Teikn nokre av karakterane i boka, slik du tenkjer at dei ser ut.
- Lag eit eige kart til bokverda.
- Teikn stadar eller bygningar som er skildra i boka.
- Illustrer scener frå boka.
- Teikn kjæledyr eller andre dyr i boka.
- Lag ei teikning med fargar som skildrar stemninga eller følelsen i boka.

Lag bokmerker

Det blir heilt sikkert bruk for bokmerke under Lesekvart+. Elevane kan lage sine egne, eller dei kan få utdelt bokmerket frå Lesekvart+ der dei kan fargeleggje ei bok for kvar bok dei les.

Tips til nyttige nettsider

Kan også delast med føresette.

- stiftelsenlese.no: les meir om Lesekvart+. Her finn du også dei digitale lærarkursa og foreldremøtefilmen knytt til Lesekvart+. Du kan også lese om våre mange leselysttiltak for barn og ungdom. Alle er gratis og nasjonale.
- denboka.no; Stiftelsen LESE si side til boktips for ungdommar, basert på tema, aktuelle prisutdelingar og lesekampanjar.
- boksok.no: kvalitetssikra søketeneste for å finne bøker som passar for barn, ungdom og vaksne med ulike leseutfordringar.
- tibi.no; eit digitalt bibliotek for elevar med funksjonsnedsetjing eller sjukdom som gjer det vanskeleg å lese visuell tekst. Her finn ein lydbøker, e-bøker og bøker i punktskrift.
- nestebok.no; her finn ein lesetips og forslag til liknande bøker til bøker ein har lese og likt.
- Lesersørvis har ei nettside med metodar for å finne rett bok til rett elev: lesersorvise.no



Lysten til å lese er ikke født i et barn.
Den er plantet - av foreldre og lærere.

James Joseph Trelease (2006)